

22. SEPTEMBER - 1. OKTOBER 2023



NYNORSK-  
DAGANE

# No drar det seg til!

## Nynorskdagane 2023 nærmar seg, og programmet er klart.

Nynorskdagane i Alver skal nyttast til å feire nynorsken! Folk i Alver kommune er stolte over det nynorske skriftsspråket. Å feire nynorsken er naturleg for oss. Nynorsken fortener denne merksemda.

Alversund,- Meland- og Radøy Mållag står, saman med Strilabiblioteket og Alver kommune, bak dette arrangementet.

I år har fleire av arrangement funne inspirasjon i Ivar Aasen. Både opninga ved Ivar Aasen-bysten på Frekhaug og Elias Mjåtveitfestivalen vil heidra landsmålets far – Ivar Aasen.

Sjølvaste Sigrid Moldestad med Regndråpeorkesteret gjestar Meieriet kulturhus på Frekhaug 23. september. Ho har nyleg gitt ut ei barneplate – Regndråpeborna. Det blir ein spennande møte mellom born og ein leiken artist!

I år samarbeider vi med Avisa Nordhordland om å kåre «ÅRETS NYNORSKORD»! Kva er ditt nynorske favorittord? Folk kan sende inn sine framlegg, så vil det bli avstemming og til slutt vil Avisa Nordhordland sine lesarar bestemme kva for ord som er «NYNORSKORDET 2023». Ordet skal danne grunnlag for ein skrivekonkurranse for unge opptil 25 år der alle innkomne bidrag skal publiserast i avisa Nordhordland. Kanskje det også blir nokre kunstprosjekt som er inspirert av ordet?

**Bli med å feire NYNORSKDAGANE 2023!**



Fredag 22. september

## Offisiell opning av Nynorskdagane

Tid: kl 14.00


Stad: Kommunehuset på Frekhaug v/Ivar Aasen-statue

Arr: Kulturkontoret og Alver kulturskule

Opning av Nynorskdagane ved ordførar Sara H. Sekkingstad.

I 1843 til 1844 sat han ni månader på Litlebergen like ved Frekhaug, lytta til strilemål, skreiv på grammatikken sin – og venta på stipendpengane som skulle koma. Bli med og heidra landsmålets far, Ivar Aasen.

Håvard Giezendanner framfører tekst av Ivar Aasen.  
Kammerkoret Måltrastena deltek med song.



Fredag 22. september

## Konsert med Olav Stedje, Finn Tokvam og Odd-Erik Lothe, «Summetonar»

Tid: kl 19.30

Stad: Samfunnshuset «Skogen», Sletta

Pris: kr 350

Aldersgrense: 18 år

Arr: Radøy mållag og Samfunnshuset «Skogen», Sletta

Førehandssal på [www.TicketCo.no](http://www.TicketCo.no)

Førehandstinging av billetter på tlf. 90862945. Billettsal i døra.

Våren 2023 kom Olav Stedje, Odd-Erik Lothe og Finn Tokvam ut med sitt første album saman, «Summetonar».

Fellesprosjektet til desse tre karane var å laga eit album med utgangspunkt i kor dei kjem frå; den geografiske og musikalske fellesskapen. Musikken inneheld poetiske hyllesta, via sjølvransakande erkjenningar til absurde fortellingar. Frå nærleik til fråvær. I det lokale søker dei det universelle, Kjærleiken, lengten og livet.

22. september kjem dei til Radøy, nærare bestemt Samfunnshuset «Skogen», Sletta.

I tillegg til konserten vert det open pub.



Laurdag 23. september

## Sigrid Moldestad og Regndråpeorkesteret

Tid: kl 16.30

Stad: Meieriet kulturhus, Frekhaug

Pris: Vaksne kr 100, barn under 16 år kr 50

Arr: Kulturkontoret, Alver

Sigrid Moldestad og Regndråpeorkesteret er ute med ny barneplate!

Sigrid Moldestad har sett musikk til fleire av Jan-Magnus Bruheim sine tekstar. «Han hadde ei eiga evne til å sjå verda frå barn sitt nivå.» Vi blir med ned i graset og opp i skyene. Det er fantasi og detaljar, men også ettertanke i mykje av det han skreiv. Tema som utanforskap og miljøkamp går att i fleire av dikta hans.

Billetter kjøpes på [www.ticketco.no](http://www.ticketco.no)



**Sundag 24. september**

## **På Den Trondhjemske Postvei i Ivar Aasens fotefar**

Tid: kl 11.00–14.00 (om lag)

Stad: Frammøte og parkering på Vågseidet.

Efter vandringa blir det skyss tilbake til Vågseidet.

Pris: Turen er gratis, men dei som ønskjer skyss tilbake til Vågseidet, må melda seg på til

Nordhordland Turlag, <https://nordhordland.dnt.no/>

Arr: Nordhordland Turlag i samarbeid med Meland Mållag og Alversund mållag

Den Trondhjemske Postvei - Postvegen - vart bygd i åra etter 1785. Vegen var såleis ganske ny då Ivar Aasen i mai 1843 kom gåande eller køyrande på veg frå Lindås til Hundvin på den første store granskingsferda han gjorde. Det vart til eit opphald i Nordhordland på ni månader med base på Litlebergen. I 2023 er det jubileum for mange av Aasens livshendingar og skrifter. I 2023 er det òg løyvd 000 millionar til istandsetjing av postvegen som kulturminne.

Under Nynorskdagane i Alver er det såleis god grunn til å feira både Ivar Aasen og Den Trondhjemske Postvei. Nordhordland Turlag i samarbeid med Meland Mållag og Alversund mållag arrangerer derfor ein søndagstur frå Vågseidet til Hundvin søndag 24. september i Ivar Aasens fotspor. Undervegs vert det orienteringar og historieforteljing både om postvegen og Aasen.

**Sundag 24. september**

## **Postmuseet på Festo skule**

Tid: kl 14.00

Stad: Postmuseet, Festo skule

Arr: Postmuseet/Lindås sogelag

På Postmuseet kan ein oppleve korleis dei gamle postkontor fungerte, med innbetalingsblanketter og uttakskort. Ei verd som dagens unge ikkje har opplevd!

**Måndag 25. september**

## **Stadnamnvandring i Knarvik/Gjervik**

Tid: kl 11.00

Stad: Knarvik Amfi, hjørnet ved Haaland Sko og Alver Optikk

Pris: Gratis – inga påmelding

Arr: Alversund mållag

Lurer du på kva Kvassneset egentleg tyder, og kvar Kvernhusa låg? Kva tyder Slåttetoreset, og kan det finnast att i byggjefeltet i dag?

Dette og meir til får du vita meir om på stadnamnvandringa måndag 25. september. Turleiargar er Johan Myking og Trygve Mjøs. I 2022 tok vandringa for seg Isdal-delen av Knarvik, i år gjer me det same med Gjervik-delen.

Møt opp på parkeringsplassen framfor Knarvik Amfi, i hjørnet framfor Alver Optikk klokka 11. Turen går nedover til ferjekaien, deretter Kvassnesvegen oppover langs turvegen og opp til gravplassen, deretter retur over Stallane.

Atterhald om vêret (styrtregn).



Tysdag 26. september

## Gunnstein Akselberg: Språklege sorger og språklege gleder, med vekt på strilemålet

Tid: kl 12.00

Stad: Seniorsenteret, Knarvik Sjukeheim (Obs! Det kan kome endringar)

Arr: Nordhordland senioruniversitet

Akselberg vil i innlegget sitt ta føre seg korleis me stiller oss til endringar i språket og om dialektar kan dø. Døyr strilemålet? Kva må til for at strilemålet forsvinn? Med utgangspunkt i dialekt- og talemålskritikken til Steinfeld og Borch stiller han spørsmålet: Er strilemålet ueigna i media?

Gunnstein Akselberg er professor emeritus i nordisk språkvitenskap ved Universitetet i Bergen. Han har arbeidd mykje med dialektar og stadnamn, er ein aktiv foredragshaldar og fast mannskap i Linda Eides språksjov på NRK1.



Tysdag 26. september

## Open Prestegardstova

Tid: kl 11.00 - 13.00

Stad: Prestegarden på Manger

Arr: Frivilligsentralen Manger

Kom innom Prestegardstova på Manger og treff andre til ein kopp kaffi og ein prat. Det er ope for alle. Ta med deg avisa, spøtet eller berre deg sjølv.

Vi får besøk frå Strilabiblioteket som kjem med nynorske boktips.



**Onsdag 27. september**

## **Forfatterbesøk og NynorskQuiz**

Tid: kl 19.00  
Stad: Strilabiblioteket Manger  
Arr: Strilabiblioteket og Radøy mållag



Hilde Fjeldsende skriv dikt og kjem til biblioteket på Manger for å snakke om poesi og lesa dikt. Etterpå vert det nynorskquiz med Radøy mållag. Premiar til beste lag! Det vert kaffi og noko å bita i. Gratis inngang!

**Torsdag 28. september**

## **Stadnamnvandring Hopsdal–Mundal med Svein Børtveit**

Tid: kl 11.00  
Stad: Møt opp på parkeringsplassen på Hopsdal.  
Pris: Gratis – inga påmelding  
Arr: Alversund mållag

Søthøle, Maurhøle, Bautane, Sjuratræ og Skulebrunæ er stadnamn i dalføret mellom Hopsdal og Mundal. Kvar desse stadene ligg, kan du få greie på om du vert med på stadnamnvandring torsdag 28. september. Turleiar er Svein Børtveit. Turen går frå Hopsdal og ned dalen til Mundal, og tek om lag to timar. Møt opp på parkeringsplassen på Hopsdal klokka 11, så organiserer me retur med eigne bilar. Atterhald om vêret (styrtregn).



Fredag 29. september

## Pubkveld og konsert på Alver hotell – Skramkjelleren

Tid: Dørene opnar kl 19.30. Konserten startar kl 20.00 .  
Pubkvelden startar rett etter konserten

Stad: Skramkjelleren, Alver hotell

Pris: Konsert gratis

Pris: Pubkveld kr 100

Aldersgrense: 18 år

Arr: Strilabiblioteket (konsert) og Alversund mållag (pubkveld)

Rockepoeten Tom Roger Aadlands kjem til Nynorskdagane i Alver fredag 29. september. Tom Roger er aktuell med det nye albumet «Skyen» som inneheld fleire låtar som allereie har blitt publikumsfavorittar, mellom anna «Kan ikkje gi oss» og «September» (duett med Kine Nesheim). Aadland er kjent for sine songtekstar på nynorsk, men denne gongen har han skrive på dialekt, nært og sterkt.



«Landets fremste Dylan-tolker leverer noen knalllåter på egen hånd», skreiv Aftenposten om det førre albumet hans, «Motgift» (2021). Aadland har hatt ei rekkje låtar i rotasjon på norsk radio, og mange har nok høyrte songar som «Alle dei i ei» og «Min beste ven på ein dårleg dag». Han er også kjent som tekstforfattar for Hellbillies, Vamp og Marion Ravn. Bob Dylan-gjendiktingane hans har gjort suksess på Det Norske Teater, og konserten vil også innehalde ein dose Dylan på nynorsk.

Tom Roger Aadland er kjent som ein energisk utøvar med ei spesiell evne til å formidle innhaldet i ein låt, og har rykte på seg for alltid å levere varene på scenen. Med seg på scenen har Aadland den eminente gitaristen Kjetil Steensnæs (Darling West, Bjørn Eidsvåg), som også har produsert det nye albumet. Dette blir ein konsertkveld å hugse! Velkomen

### **NYNORSK-PUB**

Etter konserten med Tom Roger Aadland kan du kosa deg i godt lag og høyra spel og løye frå den nydøpte gruppa Gråpus og venene hans, no også med gjesteartist! Det vert kviss og ikkje minst allsong!

Fredag 29. september

## Nynorsk i fokus – konsert med Hjelmåskarane på Ekneskaien

Tid: Følg med på oppslag  
stad Ekneskaien, Eknesvågen  
Arr: Eknesvågens venner

Eknesvågens venner inviterer til konsert med nynorsk i fokus på Ekneskaien med mannskoret Hjelmåskarane.

Ingvild Bryn, kjend nyheitsanker i NRK, har uttalt:  
«Hjelmås mannskor: Ubetalelege!»



Laurdag 30. september

## ELIAS-FESTIVALEN

### Elias Mjåtveit-seminaret 2023: Med Ivar Aasen frå Holsnøy til Afrika

Tid: kl 11.00-15.30

Stad: Meieriet, Frekhaug

Pris: tilskipinga er gratis – inga påmelding

Arr: Meland Mållag

I 2023 kan me feira mange jubileum for Ivar Aasen. Han var fødd i 1813 og hadde eit langt opphald på Litlebergen i 1843–44. Den første tekstsamlinga på det nye landsmålet, «Prøver af Landsmaalet i Norge», kom ut i 1853. Og framfor alt: Norsk Ordbog med dansk Forklaring kom ut i 1873 og fyller altså 150 år i år.

#### PROGRAM FOR SEMINARET

11.00–11.10 OPNING OG VELKOMST, Meland Mållag

Kunstnarleg innslag

11.10–11.35 Med Ivar Aasen frå Litlebergen til Zimbabwe, Oddrun Grønvik

11.35–12.25 Dugnadsarbeid i Nordhordland, Johan Myking og Haakon Aase

– Pioneren Elias Mjåtveit og andre dugnadsfolk

– Norsk Ordbok og tørrmuringsterminologi

– Nils Fjellanger – ordføraren som døydde for tidleg

– Svein Børtveit – med ord heimanfrå inn på ordbokhotellet

12.25–13.10 PAUSE

13.10–13.35 Norske dialektar 170 år etter Prøver af Landsmaalet og 180 år etter at Ivar kom til Nordhordland, Helge Sandøy

13.35–14.00 Kva forventar dei unge digitale brukarane av ordbøker i dag? Margunn Rauset, UiB

14.00–14.45 PANEL: Nynorsken i kommunal verksemd – kva gjer Alver? Mållaget spør, leiande politikarar vert inviterte til å svara

14.45 Kunstnarleg innslag

AVSLUTNING, Meland Mållag

Om innleiarane:



**Oddrun Grønvik**  
er tidlegare  
hovudredaktør  
for Norsk Ordbok  
og no forskar ved  
UiB



**Johan Myking**  
er professor  
emeritus ved  
UiB og tilknytt  
ordbokprosjekta  
der



**Margunn Rauset** er  
er forskar ved UiB  
og leier arbeidet  
med revisjonen av  
Nynorskordboka  
og Bokmålsord-  
boka



**Helge Sandøy**  
er professor  
emeritus i nordisk  
språkvitskap frå  
UiB



**Haakon Aase**  
er leiar i Meland  
Mållag og  
spesialist på  
tørrmuring

Laurdag 30. september

## ELIAS-FESTIVALEN

### Jazz og barbershop på norsk!

Tid: Kl 19.30

Stad: Meieriet kulturhus, Frekhaug

Arr: Meland Mållag

Reidar Konglevoll, Andreas Westermoen m.fl. får det til å swinga med god hjelp av kammerkoret Måltrastena. Vi møtest i Meieriet på Frekhaug! Det blir quiz og høve til å handla i baren.



Søndag 01. oktober

## Markering av FN's Eldredag – Festmiddag på Westland hotell

Tid: kl 16.00

Stad: Westland hotell, Lindås

Påmelding: Lindås pensjonistlag, v/Arne Aven – tlf 91 85 24 83.  
Arrangementet er ope for alle.

Arr: Lindås pensjonistlag

Fylkesordfører Jon Askeland kjem og helsar seniorane på FN's eldredag 2023.

Det vert underhaldning.

Arrangementet er ope for alle, gå til påmelding.



# PROGRAM

Dato	Tid	Arrangement	Stad
22. september	kl 14.00	Opning av Nynorskdagane Tale v/ordførar og song frå kulturskule-elevar	Aasen byste v/kommunehuset Frekhaug
22. september	kl 19.30	Konsert med Olav Stedje, Finn Tokvam og Odd- Erik Lothe, «Summetonan»	Samfunnshuset Skogen, Sletta
23. september	kl 16.30	Sigrd Moldestad og Regndråpeorkesteret	Meieriet kulturhus, Frekhaug
24. september	kl 11.00	På Den Trondhjemske Postvei I Ivar Aasens fotefar	Frammøte og parkering på Vågseidet
24. september	kl 14.00	Postmuseet på Festo skule	Postmuseet på Festo skule
25. september	kl 11.00	Stadnamnvandring i Knarvik/Gjervik	Knarvik Amfi, hjørnet ved Haaland Sko og Alver Optikk
26. september	kl 12.00	Gunnstein Akselberg: Språklege sorger og språklege gleder, med vekt på strilemålet	Seniorsenteret, Knarvik sjukeheim
26. september	kl 11.00-13.00	Open Prestegardstova	Gamle Prestegarden, Manger
27. september	kl 19.00	Forfattarbesøk & NynorskQuiz	Strilabiblioteket, Manger
28. september	kl 11.00	Stadnamnvandring Hopsdal-Mundal med Svein Børtveit	Parkeringsplassen på Hopsdal
29. september	kl 19.30	Pubkveld og konsert med Tom Roger Aadland	Alver hotell – Skram kjelleren
29. september	Følg med på oppslag	Konsert med Hjelmåskarane	Eknesvågens venner
30. september	kl 11.00-15.30	Elias-festivalen. Elias Mjåtveit-seminaret 2023: Med Ivar Aasen frå Holsnøy til Afrika	Meieriet kulturhus, Frekhaug
30. september	kl 19.30	Jazz og barbershop på nynorsk	Meieriet kulturhus, Frekhaug
01. september	kl 16.00	Markering av FN's Eldredag Festmiddag	Westland hotell, Lindås



## Programkomiteen består av

Alversund Mållag

Meland Mållag

Radøy Mållag

Strilabiblioteket

Avdeling for kulturutvikling, idrett og frivillighet i Alver kommune

**Takk til alle som har bidrege til programmet!**



**ALVER**  
KOMMUNE